



**KRINGKASTINGS
RINGEN**

Postboks 9161 Grønland, 0134 Oslo
Telefon 22 47 71 60 / 942 51 212
E-post: post@kringkastingsringen.no
Nettstad: www.kringkastingsringen.no
Bank: 8101 34 42517
Org.nr. NO 940 630 975

Kulturdepartementet
Pb. 8030 Dep
0030 Oslo

Dykkar ref:
14/4108

Dato:
12.01.2015

HØYRINGSFRÅSEGN – Rammevilkår for lokalradio

Kunnskapsdepartementet sendte ut høyringsfråsegn om ”*Rammevilkår for lokalradio i forbindelse med digitaliseringen av radiomediet*” 4. november i år.

Kringkastingsringen er ein ubunden medlemsorganisasjon som arbeider for at nynorsk, norske dialektar og samisk språk skal få eit rettkome rom i allmennkringkastinga og i media.

Våre merknadar:

For oss er lokal- og nisjeradioane eit viktig medium, der det bør vere knytt kulturpolitiske målsettingar om variasjon og mangfald. Dette gjeld også det språklege mangfaldet. Difor legg me vekt på at overgangen frå FM-nettet til DAB-nettet må gjerast på ein slik måte at dette mangfaldet vert ivaretatt. Det å kunne tileigne seg informasjon, kunnskap og underhaldning på nynorsk, samisk eller ei nærliggjande dialekt, har stort verdi både for born og vaksne. Språk handlar også om identitet og fellesskap. Difor ser me på lokal- og nisjeradiokanalane som ein viktig lekk i å ta vare på denne delen av norsk kultur og språkmangfald. Me vonar departementet tek omsyn til språk når denne saka skal leggjast fram for Stortinget.

Me legg vekt på at ein må gjere overgangen frå FM-nettet til DAB på ein slik måte at lokal- og nisjeradiokanalane skal kunne halde fram også etter sløkkjinga av FM-nettet. Ein avgjerande føresetnad for at dei skal kunne halde fram er at DAB-nettet er bygd ut også i desentraliserte strøk. Slik det kjem fram i høyringsbrevet er dette ikkje tilfelle i dag, og vil mest truleg ikkje vere tilfelle i 2017 heller. Ein kan ikkje leggje opp til ei slukking av FM-nettet før DAB-nettet er bygd ut også i desse områda. Samtidig trur me vilkåra for lokal- og nisjeradioane vil bli svært vanskelege om dei skal halde fram på FM-nettet medan resten av radiomediet vert digitalisert. Difor stiller vi oss positive til ei forlenging av konsesjon til 2019, dersom det gjer overgangen frå FM til DAB betre for lokal- og nisjeradiokanalane.

Med helsing
Kringkastingsringen

Karoline Opsal Marøy
Dagleg leiar

Inger Størseth Haarr
Styreleiar